

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua

0301 OSLO

Referanser:

Dykkar: 201003720-11
Vår: 16/208 - 16/4323

Saksbehandlar:

Sølvi Legård
solvi.legard@vaksdal.kommune.no

Dato:

01.06.2016

**Melding om vedtak - Høyring - Vaksdalpakke 2, uttale til NVE vedk. søknad om konsesjon for 4 kraftverk i Vaksdal kommune
Fjellfossen, Nonstadgilet, Steinsdalselvi og Leirofossen kraftverk**

Saka er behandla i Kommunestyret 23.05.2016 - Sak 40/2016

Det er gjort slikt vedtak:

NVE har send på høyring søknad om bygging av 4 småkraftverk i Eksingedalen i Vaksdal kommune. Søknadene skal handsamast saman, og samla belastning for området skal vurderast. Dei omsøkte områda på Eidsland går inn mot det verna Hesjedalsvassdraget.

1. Vaksdal kommune rår til at det vert gjeve konsesjon til Fjellfossen kraftverk . Sjølve kraftverket må lydisolerast optimalt.
2. Vaksdal kommune rår til at det vert gjeve konsesjon til Leirofossen kraftverk. Kravet til minstevassføring må setjast høgt nok til at opplevinga av Leirofossen i størst mogleg grad vert tatt vare på. Sjølve kraftverket må lydisolerast optimalt.
3. Vaksdal kommune kan tilrå utbygging av Nonstadgilet kraftverk dersom gode avbøtande tiltak vert pålagt.

Vaksdal kommune kan tilrå utbygging av Steinsdalselvi med fylgjande krav: Kraftverket må byggjast utan inntak 3.

Krav om avbøtande tiltak for dei to prosjekta:

Ein må ha landskapstilpassing av inntak og inntaksdammar som gjev minst mogleg utsprenging i traséane, overdekking av røyrgate og rask revegetering med stadleg masse.

Post

post@vaksdal.kommune.no
Konsul Jepsensgt. 16, 5722 Dalekvam

Kontakt

www.vaksdal.kommune.no
Telefon +47 56 59 44 00
Telefaks +47 56 59 44 01

Konto

Org.nr. 961 821 967



VAKSDAL KOMMUNE

Det må ikkje lagast permanent ATV-veg til inntaket.

Av omsyn til villrein må støydempende og andre naudsynte tiltak vektleggjast i anleggsperioden i samråd med villreinnemnda.

Det må gjerast reinsetiltak slik at avrenning frå anleggsarbeidet ikkje renn ned i Eksingedalsvassdraget, som er ei viktig fiskeelv.

Det vert sett ned ei mellombels nemnd med formål å utvikla ein heilskapleg plan for eksisterande og planlagde småkraftverkutbyggingar i Vaksdal kommune. Nemnda blir vald i kommunestyret 27.06.2016.

Rett utskrift:

Sølvi Legård
Politisk sekretær/fagleiar arkiv

Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen underskrift.

Vedlegg:

VAKSDALPAKKE 2, UTTALE TIL NVE OM SØKNAD OM KONESJON FOR 4 KRAFTVERK I VAKSDAL

Mottakar:

Norges vassdrags- og energidirektorat